

- KUNNGJERING -

Asbjørn Nygård – Søknad om løyve til Kleppa kraftverk i Kleppaåna i Forsand kommune

NVE har motteke ein søknad frå Asbjørn Nygård om løyve til Kleppa kraftverk i Forsand kommune.

Tiltaket ligg i Espedalsvassdraget, som vart verna i verneplan IV (St. prp. nr. 118 (1991-1992)). Det kan søkes løyve om kraftverk opp til 1 MW i verna vassdrag. Kleppa kraftverk vil nytte eit brutto fall på 379 m i Kleppaåna med inntak på kote 437 og avlaup frå kraftstasjonen på kote 58. Inntaket ligg på grensa til Frafjordheiane landskapsvernområde. Kraftverket er planlagt med ein installert effekt på om lag 0,5 MW, og den årlege produksjonen er berekna til om lag 2,5 GWh. Vassvegen er planlagt som røyr i dagen i øvre del, og nedgrave i nedre del av strekninga. Eksisterande skogsvegar vert nytta, det må etablerast veg på ein mindre etappe frå eksisterande veg til inntaket. Søker forslår slepp av minstevassføring på 43 l/s heile året forbi inntaket til kraftverket.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn [plass for utlegging i kommunen] og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Per Torbjørn Espedal i Ryfylke Energi på tlf.: 51 97 78 50 eller e-post: te@ryfylkeenergi.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **03.10.2011**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.